

Equionor Energy AS  
Forusbeen 50  
4035 STAVANGER

Dato: 30.10.2018  
Vår ref.: 2018/13262-2  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Avslutning av Staffjord A - Innspel til høring om konsekvensutgreiing.

Me visar til dykkar brev av 10. august 2018 og legg til grunn at det i konsekvensutgreiinga er tatt utgangspunkt i bestemmelsene i Petroleumslova og øvrige relevante lover og regler.

Eit av formåla med KU er å sikre at forhold knytt til miljø og samfunn blir inkludert i planarbeidet på line med tekniske, økonomiske og sikkerheitsmessige forhold. Vi er spesielt opptatt av at dette blir gjort på ein måte som kan tene viktige samfunns- og næringsinteresser i vår region.

Samstundes er vi opptatt av at avslutninga av SFA legg grunnlaget for utvikling av ein robust og utviklingsretta sirkulærøkonomi for slike plattformer. SFA er den første i ei rekke med ekstremt store plattformer som i framtida skal demonterast og det er difor viktig å etablere nasjonale rammetilhøve for denne aktiviteten som sikrar utvikling av norsk industri på dette området. Dette vil være eit viktig siste ledd i verdikjeda for olje og gass næringa. Med den kompetansen som alt fins i alle andre ledd i heile verdikjeda i vår region, vil det være naturleg at også decommissioning blir eit satsingsområde for næringsaktørene.

De viktigaste nærings- samfunnsmessige konsekvensane vil være knytt til val av løysingsalternativ for fjerning av betongunderstell og handtering av dekkсанlegget. Det vil også kunne være utfordringar knytt til miljø for disse komponentane.

For dekkсанlegget legg vi til grunn av prinsippa for sirkulærøkonomi blir lagt til grunn fullt ut. Det inneber at heile dekkсанlegget blir demontert og brakt til land for gjenvinning. Det er viktig at både nasjonale rammetilhøve og anbudsutforminga frå operatør blir utforma slik at det er mogleg å konkurrera om delar av denne operasjonen. Dersom rammene blir slik at metoden med «ein løfts operasjon» blir favorisert, vil dette innebære at sannsynlegvis berre ein internasjonal aktør kan gjere dette og norsk industri sin moglegheit til kunne konkurrera vil bli kraftig redusert. Ein einløfts operasjon aukar også sjansane for at dekkсанlegget blir transportert ut av Noreg for demontering og gjenvinning. Dermed vil store delar av den nasjonale sysselsettingseffekten forsvinne.

Også når det gjeld betongunderstellet må prinsippa for sirkulærøkonomi leggest til grunn. Dersom det viser seg umogleg å gjennomføre full fjerning (alternativ A) må Alternativ B der skafta blir kutta på minus 50 meter og tatt til land for gjenvinning veljast. Alternativ C kor skafta står igjen er ikkje akseptabelt både fordi oljenæringa må kunne forlate Nordsjøen utan at synlege spor står at og fordi dette kan vere ei potensiell hinder for skipsfart og fiskeri. Det blir peikt på at teknologi for å gjere dette ikkje er umiddelbart tilgjengeleg. For å minimere og fjerne dei risikomomenta som blir peikt på av operatør ved dette alternativet er det viktig at operatøren snarast råd sett i gang eit utviklingsarbeid på dette området saman med aktuelle

leverandører. Med den utviklingskrafta operatørene saman med leverandørindustrien har vist i alle andre fasar av norsk oljeindustri bør dette vere ei utfordring som klart lar seg løyse.

Dersom dekkplanlegget og delar av betongunderstelet blir tatt til land fins dei ei rekke lokasjonar på Vestlandet som kan konkurrera om jobben. Dette gjeld til dømes Stord regionen, Hjeltefjord bassenget, Fensfjordområdet og Lutelandet.

I konsekvensutgreiinga er tilrådinga at røyrleidningar vil bli etterlatt midlertidig og at handtering utgreiast saman med andre røyrleidningar i området. Vi legg til grunn at også her blir prinsippa for sirkulærøkonomi lagt til grunn og at røyra vil bli fjerna.

Handtering av borekaksansamlingar vil i hovudsak handle om miljøutfordringar. Vi vil peike på at ansvarlige fagmiljø er invitert av operatøren til å komme med sine merknader og legg til grunn at operatøren legg vekt på høringsmerknader frå kompetanseorgan som Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet og næringsinteresser som til dømes Noregs Fiskarlag.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

Arthur Kristian Arnesen  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*